



Stranda kommune

Kommunedirektøren

Saksbehandlar: Einar Lied

Melding om vedtak

Vår ref.:
2022003913- 10

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2-N00, K3-&37

Dato:
30.10.2024

Offentleg ettersyn - Planstrategi 2025-2028 Stranda kommune

I samsvar med plan- og bygningslova §10-1 vert Planstrategi 2025-2028 for Stranda kommune lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Merknad sendast til post@stranda.kommune.no eller
Stranda kommune
Øyna 13
6200 Stranda

Uttalefrist 20.12.24.

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

21.10.2024 14:00 KOMMUNEPLANUTVALET 029/24

1. Stranda kommune legg planstrategi for Stranda kommune 2025-2028, versjon 3, ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1.

Presisering frå kommuneplanutvalet

Bakgrunn:

Stranda kommune er, og skal vere, ei næringsvenleg kommune.

Kommuneplanutvalet ber kommunedirektøren om å implementere følgjande i planstrategien: For å sikre tilrettelegging for næringsutvikling og oppretthalde Stranda kommune sin attraktivitet som bustad- og næringskommune, skal tilgangen til næringsareal til ei kvar tid prioriterast som eit strategisk satsingsområde. Kommunen skal aktivt arbeide med å identifisere, utvikle og halde av næringsareal som er eigna for ulike næringsformål, og sikre at areala raskt kan takast i bruk ved behov. Dette skal også synleggjerast i handlingsplanar og budsjettprosessar, og sikre at planlegging og tilrettelegging for næringsutvikling er forankra i både økonomiske ressursar og konkrete tiltak

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Einar Lied
Kommunalsjef plan og utvikling

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Vedlegg:		
Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.11.2024	Planstrategi Stranda kommune 2025-2028	401178

Mottakar:

Fjord Kommune	Postboks 144	6211	Valldal
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset Postboks 2500	6404	MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest	Naustdalsvegen 1b	6800	FØRDE
Skjåk Kommune	Moavegen 30	2690	Skjåk
Statens vegvesen	Postboks 1010	2605	LILLEHAMMER
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Stryn Kommune	Tonningsgata 4	6783	Stryn
Sykkylven kommune	Rådhuset	6230	SYKKYLVEN
Volda Kommune	Stormyra 2	6100	Volda

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Einar Lied

Arkivsak:

24/22

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
LEVEKÅRSUTVALET	17.09.2024	032/24
FAST UTVAL FOR PLANSAKER	23.09.2024	064/24
KOMMUNEPLANUTVALET	21.10.2024	029/24

Planstrategi 2025-2028 Stranda kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

Stranda kommune legg planstrategi for Stranda kommune 2025-2028, versjon 3, ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1.

Tilråding som vedtak frå FAST UTVAL FOR PLANSAKER, 23.09.2024 - 064/24

Bakgrunn: Stranda kommune er, og skal vere, ei næringsvenleg kommune.

1. Utvalet ber kommunedirektøren om å implementere følgjande i planstrategien: For å sikre tilrettelegging for næringsutvikling og oppretthalde Stranda kommune sin attraktivitet som bustad- og næringskommune, skal tilgangen til næringsareal til ei kvar tid prioriterast som eit strategisk satsingsområde. Kommunen skal aktivt arbeide med å identifisere, utvikle og halde av næringsareal som er eigna for ulike næringsformål, og sikre at areala raskt kan takast i bruk ved behov. Dette skal også synleggjerast i handlingsplanar og budsjettprosessar, og sikre at planlegging og tilrettelegging for næringsutvikling er forankra i både økonomiske ressursar og konkrete tiltak

1. Stranda kommune legg planstrategi for Stranda kommune 2025-2028, versjon 3, ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1.

21.10.2024 KOMMUNEPLANUTVALET

Framlegg i møte, foreslått av ,

FRAMLEGG I MØTET

Omforeint framlegg

1. Stranda kommune legg planstrategi for Stranda kommune 2025-2028, versjon 3, ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1.

Presisering frå kommuneplanutvalet

Bakgrunn: Stranda kommune er, og skal vere, ei næringsvenleg kommune.

Kommuneplanutvalet ber kommunedirektøren om å implementere følgjande i planstrategien:

For å sikre tilrettelegging for næringsutvikling og oppretthalde Stranda kommune sin attraktivitet som bustad- og næringskommune, skal tilgangen til næringsareal til ei kvar tid prioriterast som eit strategisk satsingsområde. Kommunen skal aktivt arbeide med å identifisere, utvikle og halde av næringsareal som er eigna for ulike næringsformål, og sikre at

areala raskt kan takast i bruk ved behov. Dette skal også synleggjerast i handlingsplanar og budsjettprosessar, og sikre at planlegging og tilrettelegging for næringsutvikling er forankra i både økonomiske ressursar og konkrete tiltak

Samrøystes

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

KPU - 029/24 Vedtak

1. Stranda kommune legg planstrategi for Stranda kommune 2025-2028, versjon 3, ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1.

Presisering frå kommuneplanutvalet

Bakgrunn: Stranda kommune er, og skal vere, ei næringsvenleg kommune.

Kommuneplanutvalet ber kommunedirektøren om å implementere følgjande i planstrategien:

For å sikre tilrettelegging for næringsutvikling og oppretthalde Stranda kommune sin attraktivitet som bustad- og næringskommune, skal tilgangen til næringsareal til ei kvar tid prioriterast som eit strategisk satsingsområde. Kommunen skal aktivt arbeide med å identifisere, utvikle og halde av næringsareal som er eigna for ulike næringsformål, og sikre at areala raskt kan takast i bruk ved behov. Dette skal også synleggjerast i handlingsplanar og budsjettprosessar, og sikre at planlegging og tilrettelegging for næringsutvikling er forankra i både økonomiske ressursar og konkrete tiltak

23.09.2024 FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Framlegg tll vedtak, foreslått av Joachim Bjørstad Langlo, Høgre

FRAMLEGG I MØTE

Framlegg frå Joachim Bjørstad Langlo (H)

Bakgrunn: Stranda kommune er, og skal vere, ei næringsvenleg kommune.

Framlegg til vedtak:

1. Utvalet ber kommunedirektøren om å implementere følgjande i planstrategien: For å sikre tilrettelegging for næringsutvikling og oppretthalde Stranda kommune sin attraktivitet som bustad- og næringskommune, skal tilgangen til næringsareal til ei kvar tid prioriterast som eit strategisk satsingsområde. Kommunen skal aktivt arbeide med å identifisere, utvikle og halde av næringsareal som er eigna for ulike næringsformål, og sikre at areala raskt kan takast i bruk ved behov. Dette skal også synleggjerast i handlingsplanar og budsjettprosessar, og sikre at planlegging og tilrettelegging for næringsutvikling er forankra i både økonomiske ressursar og konkrete tiltak

1. Stranda kommune legg planstrategi for Stranda kommune 2025-2028, versjon 3, ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1.

Vedtak fekk 5 mot 2 røyster

Møtebehandling

Tilråding til kommuneplanutvalet

PLA - 064/24 Vedtak

Bakgrunn: Stranda kommune er, og skal vere, ei næringsvenleg kommune.

1. Utvalet ber kommunedirektøren om å implementere følgjande i planstrategien: For å sikre tilrettelegging for næringsutvikling og oppretthalde Stranda kommune sin attraktivitet som bustad- og næringskommune, skal tilgangen til næringsareal til ei kvar tid

prioriterast som eit strategisk satsingsområde. Kommunen skal aktivt arbeide med å identifisere, utvikle og halde av næringsareal som er eigna for ulike næringsformål, og sikre at areala raskt kan takast i bruk ved behov. Dette skal også synleggjerast i handlingsplanar og budsjettprosessar, og sikre at planlegging og tilrettelegging for næringsutvikling er forankra i både økonomiske ressursar og konkrete tiltak

1. Stranda kommune legg planstrategi for Stranda kommune 2025-2028, versjon 3, ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1.

17.09.2024 LEVEKÅRSUTVALET

Møtebehandling

Tilråding til kommuneplanutvalet samrøystes

LKU - 032/24 Vedtak

Stranda kommune legg planstrategi for Stranda kommune 2025-2028, versjon 3, ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 10-1.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

I samsvar med plan- og bygningslova § 10-1 vart det gjort vedtak om oppstart av arbeidet med planstrategi av kommuneplanutvalet 23.08.23 og i kommunestyret 30.08.23.

Saksopplysningar

Etter valet hausten 2023 hadde Statsforvaltar og fylkeskommune ein runde med informasjon til kommunestyrerepresentantane. Her vart det mellom anna lagt vekt på at planstrategien vil danne grunnlaget for planarbeidet i kommunestyreperioden. Det vart også fokusert på kor viktig det er med forankring av samfunnsplan i kommunestyret – helst etter kvart val. Forslag til planprogram for samfunnsplan vart vedteke utlagt til offentleg ettersyn etter vedtak i planutvalet 22.05.24 i sak 016/24.

I januar vart alle einingsleiarar bedne om å kome med innspel til versjon 1 av planen. Innspela er no innarbeidd i versjon 2.

Versjon 1 av planstrategien vart lagt fram for kommuneplanutvalet 17.01.24 som vedtok å prioritere planar som kan vere med å snu folketalsutviklinga.

Planutvalet/utval for miljø og kommunalteknikk har teke opp tre saker som er vurdert med tre notat og ligg ved saka. Dette gjeld regulering av strandsone, trafikktryggingssplan og byggeklare tomter.

For å sikre ei god politisk handsaming legg ein opp til at både levekårsutvalet og planutvalet får saka før den går til kommuneplanutvalet som kan gjere vedtak om å legge den ut til offentleg ettersyn.

Vurdering

Kommunen har avgrensa kapasitet til å drive omfattande planarbeid, og forventning til gjennomføringsevne må samsvare med dette. Naudsynte midlar til planlegging må følgje med.

Nokre planar har handlingsplanar. Føremålet med handlingsplanar er å gjere planen:

1.Meir bindande

2.Meir aktuelle fordi den kan oppdaterast årleg eller ved behov utan at sjølve planen treng slik gjennomgang

Til no har ikkje slike handlingsplanar blitt godt nok følgt opp. I staden for å leggje mykje arbeid i planverket bør ein heller prioritere å følgje opp handlingsplanane. Sjølve planverket er relativt overordna og står seg ofte godt over tid, medan handlingsplanane bør oppdaterast mykje oftare. Alle planane, også handlingsplanane skal /må vere kopla opp mot økonomi/budsjett, og det er dette som er avgjerande for å få ting gjennomført. Utan økonomiske ressursar vil arbeidet med oppfølging av planane stoppe opp. Det er ikkje gjort overslag for kostnad på dei ulike planane – det må gjerast ved budsjettering.